


Nr.2 - april 2023

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



Gudstenester

2. april, Palmesøndag

Granneheimen kl. 17:00

Gudsteneste v/Håkon Økland Kinsarvik og

Boris Kuprijanov

Nattverd – Kyrkjekaffi

Takkoffer til NMS

7. april, Langfredag

Solheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov

Kyrkjekaffi

Takkoffer til Kirkenes Bymisjon Bergen

7. april, Langfredag

Masfjorden sjukeheim kl. 13:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov

9. april, 1.påskedag

Frøyset kyrkje kl.11:00

Høgtidsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og

Boris Kuprijanov

Nattverd – Kyrkjekaffi

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

10. april, 2.påskedag

Sandnes kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og

Boris Kuprijanov

Nattverd – Kyrkjekaffi

Takkoffer til CARE Norge

16. april

Solheim kyrkje kl. 11:00

Temagudsteneste «Påskesong» v/Torbjørn Sæle og

Boris Kuprijanov

Nattverd – Kyrkjekaffi med årsmøte etter
gudstenesta

Takkoffer til IKO

30. april

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle,
Ingrid Helene Raunehaug og Boris Kuprijanov
Takkoffer til Barne og ungdomsarbeidet i
Masfjorden sokn

6. mai (laurdag)

Sandnes kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle,
Tina Meland Corneliusen og Boris Kuprijanov
Takkoffer til Barne og ungdomsarbeidet i
Masfjorden sokn

14. mai

Solheim kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle,
Ingrid Helene Raunehaug og Boris Kuprijanov
Takkoffer til Barne og ungdomsarbeidet i
Masfjorden sokn

17. mai

Solheim kyrkje kl. 10:00

Sandnes kyrkje kl. 11:45

Masfjorden sjukeheim kl. 15:30

Gudstenester v/Torbjørn Sæle og
Johannes Lyngset

Takkoffer til Stiftelsen Kirkens familievern

28. mai, 1. pinsedag

Solheim kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og

Boris Kuprijanov

Nattverd – Kyrkjekaffi

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

29. mai, 2.pinsedag

Reknesskjerjane kl. 11:00

Friluftsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og

musikantar fra Nordbygda skulekorps

Kyrkjekaffi

Takkoffer til KFUK-KFUM Norge

(ev. Frøyset kyrkje dersom det er for dårlig vær)

4. juni

Sandnes kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov

Nattverd – Kyrkjekaffi

Takkoffer til Bibelskulen på Bildøy

11. juni

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og

Ingrid Helene Raunehaug

Nattverd – Kyrkjekaffi

Takkoffer til Blå Kors i Norge

Foto framside: Kirkerådet



Informasjon om gudstenestene i Masfjorden
finn du alltid i kalenderen på nettsida vår:
www.masfjorden.kyrkja.no

Døypte

05.03.23 Marie Solheim Austgulen

Solheim kyrkje

Foreldre: Frida Solheim Haugsvær og
Robert Vigdal Austgulen

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har foreldre og fadrar fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Dødsfall

03.02.23 Haldis Laila Birkeland, f. 1945

26.02.23 Tom Krossøy, f. 1985

Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.



**Velkommen til
PÅSKE-
GUDSTENESTER
i Masfjorden 2023**



Palmesøndag 2. april kl. 17.00 i Granneheimen

ved prest Håkon Økland Kinsarvik og pianist Boris Kuprijanov

Langfredag 7. april kl. 11.00 i Solheim kyrkje

Langfredag 7. april kl. 13.00 på Masfjorden sjukeheim

1. påskedag 9. april kl. 11.00 i Frøyset kyrkje

2. påskedag 10. april kl. 11.00 i Sandnes kyrkje

alle ved prest Torbjørn Sæle og organist Boris Kuprijanov



Kyrkja i Masfjorden

www.masfjorden.kyrkja.no

PALMESØNDAG

*eit lite esel er på veg
med sine stille steg
ein audmjuk konge stor
rir inn på denne jord
folk hyllar han med glede
bryt greiner legg ned klede
hosianna han er her
gje frelse ver oss nær
kom gjer ditt verk
i svakheit er du sterk
bytt frykta ut med fred
for det som no skal skje*

Tekst og foto: Torbjørn Sæle





BARNAS

Finn 10 hovudstader!

I rutenettet under har vi gjøymt 10 forskjellige hovudstader. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarer du å finne alle saman?

M	A	N	I	L	A	N	T
O	S	A	T	H	E	N	A
S	O	P	N	E	G	A	L
O	F	T	A	L	E	I	I
S	I	G	R	S	U	R	M
L	E	K	A	I	R	O	A
O	R	Ø	I	N	F	B	R
R	O	M	A	K	S	I	O
B	E	R	L	I	N	E	M
I	M	S	H	A	N	O	I

Finn fem feil!


Her viser Jesus seg for disiplane etter at han døde og stod opp att. Dei to biletene er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli

Kva hadde vi kalla Noahs ark hvis den hadde vore ein rutebåt?
Svar: Ruteark

Vitsar

– Kelner! Er dette ein vanleg tre-rettars middag?
– Ja, ein kjøttkake, ein potet og ein ert.

– Eg skal ha to kaffe utan fløte.
– Vi har ikkje fløte, så då må det bli utan mjølk.



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Teikning: Chiara Bertelli





DEN BESTE PÅSKEHISTORIA

Det har blitt sagt at det folk liker best er å prata om seg sjølv. Ofte set vi òg pris på høyra andre dela frå liva sine. For kvar gong kjente personar møtast, deler eit måltid, gode historier og syng kvarandre sin musikk, er det lett å benka seg framfor TV-skjermen. Vi liker å sjå og høyra andre dela historier. Og aller mest inntrykk gjer det når historiene er livsnære og sanne.

Så lenge det har levd menneske, har historier blitt delt – først munnleg, seinare også skriftleg.

Det gamle Israelsfolket var gode historieforteljarar. Dermed levde historiene vidare frå slekt til slekt. Historiene om Noah og Abraham og Moses og alle dei andre. Vi fortel også historiene om Jesus og møta hans med menneske, og vi deler historiene Jesus sjølv fortalte. Den om den hjelpsame samaritanen og sonen som kom heim igjen og fleire andre. Men mest av alt skal vi dela historia om Jesus som døydde og stod opp igjen. Vi skal få dela påskeevangeliets gode nyheter slik dei vart fortalt av englane til kvinnene som kom til den tomme grava påskedagen:

«*Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: 'Han er stått opp frå dei døde.'*» (Matteus 28,5-7a)

Takk og lov for at kvinnene gjorde som dei fekk beskjed om. Dei sprang for å fortelja om det dei hadde sett og høyrt. Dei delte vidare den beste påskehistoria. Historia om at Jesus vann over døden og stod opp igjen. Det var eigentleg for godt til å vera sant. Likevel er det sant! Jesus lever! Ei historie som kan vera vanskeleg å tru, men definitivt også ei historie som har ført mange til tru. Ei historie som sidan har blitt fortalt vidare, skrive ned og delt så mange gongar.

No er det vår tur til å ta del i gleda og til å dela den vidare. I påska skal vi få synga ut om han som er oppstanden og som er Herre over dødens makt. Etter å ha vore gjennom den kontrastfylte påskeveka med svik og nederlag, kors og grav, feirar vi livet og oppstoda. Og du kan vera med på gudstenester i Frøyset kyrkje 1. påskedag, Sandnes kyrkje 2. påskedag og på påskesong-gudsteneste i Solheim kyrkje søndagen etter, 16. april. Når vi syng og deler den beste påskehistoria.

God påsketid!

Tekst og foto:
Torbjørn Sæle, sokneprest

RAGNHILD JEPSEN -NY BISKOP I BJØRGVIN

Kyrkjerådet har tilsett Ragnhild Jepsen som ny biskop i Bjørgvin bispedøme. Ho tek over etter Halvor Nordhaug. Den nye biskopen vart presentert i Bergen domkirke 10. februar kl. 11.00. Velkommen til Bjørgvin, Ragnhild!



– Eg er glad og takknemleg for utnemninga til biskop i Bjørgvin. Det er ei stor oppgåve som eg går til audmjuk og med glede. Det seier den nye Bjørgvin-biskopen, Ragnhild Jepsen. Ho kjem frå stillinga som domprost i Nidaros bispedøme.

– Som biskop i Bjørgvin vil eg invitere breitt til å finne språk som opnar oss til frimodig å vitne om tru og trusuttrykk.

Kyrkjerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raauum er nøgd med tilsetjinga:

- Det er historisk at Bjørgvin har fått si første kvinne som biskop. Ragnhild Jepsen er ein framifrå liturg og erfaren leiar som vil vere med på å utvikle Bjørgvin bispedøme, seier Raauum.
- Jepsen er ein erfaren og samlande kyrkjeleiar med røynsle frå kulturliv og eit breitt samfunnsengasjement.

Jepsen vert vigsla til biskop i Bjørgvin søndag 16. april kl. 11.00 i Bergen domkirke, der H. M. Kongen deltek.

Det var tre kandidatar til biskop i Bjørgvin, etter den rådgjevande røystinga i haust:

- Sokneprest Kjersti Gautestad Norheim
- Domprost Ragnhild Jepsen
- Sokneprest Sunniva Gylver

Åtte av Kyrkjerådet sine medlemmer stemte på Jepsen som dermed er tilsett som biskop. Seks av medlemene ynskte Sunniva Gylver og to ynskte Kjersti Gautestad Norheim som biskop.

Tekst og foto: Den norske kyrkja.

DÅPSSKULE

Dei som fekk utdelt si eiga kyrkjebok hausten 2022, blei også invitert til dåpsskule no på våren, og no er me endeleg i gang. Her blir borna invitert til samlingar i kyrkja for å verte betre kjent med kyrkja og den kristne tru, gjennom forteljingar, aktivitet og leik.

Det første me gjorde på samlinga var å ynskje alle velkommen med å syngja ei namnesong, og her fekk alle borna prøve å spele på ei lita tromme. Det var artig å spele på tromma, nokre gongar kom det høg lyd, andre gongar låg lyd. Me hadde også ei lita stund der me leste frå boka dei hadde fått, og reflekterte saman over kva me hadde lest. Me har òg hatt song og bønn.

På den første samlinga så skulle dei få ein blome som var lukka, til å opne seg. Dette måtte dei gjere utan å bruke hendene. Me fant ut at me kunne prøve å leggja dei i ei skål med vatn, og da opna blomen seg. Inni blomane stod det nokre bønner som me leste saman. Borna fekk også skrive eller teikne i sin eigen blome, for så å leggja dei i vatn. Her var det mange fine teikningar, og nokon hadde skrevet namnet sitt.

Me prata om då Gud skapte verda, og det han skapte. Her song me songen «Kven har skapt alle blomane», og prata om kva det var Gud skapte. Han har skapt blomar, fuglar, stjerner og menneska. Borna fekk då òg moglegheit til å skape sitt eiga bilet, som skulle vera deira verd. Her var det kreative teikningar, med skjell, stjerner, blomar, fuglar og mykje meir.

Borna fekk utforske kyrkja, og kva som var i kyrkja. Me fant blant anna ein båt som hang frå taket, og hadde gode refleksjonar om kvifor det var ein båt der. Borna gjøymde også kors rundt om i kyrkja, og så skulle me alle leite etter dei. Etter samlingane har det vore eit felles kveldsmåltid saman med foreldra. Her har me prata saman om det me har gjort i løpet av samlinga.

Tekst: Tina Meland Corneliusen

Foto: Sigrun Haugsdal Reknes.



Nesten 800 millioner mennesker lever uten tilgang til rent vann pga. jordskjelv, tørke, flom eller krig.

VIPPS til 2426

250 kroner gir et barn varig tilgang til rent vann og tid til å være barn.

TÅRNAGENTAR OG TALENT

Laurdag 11.mars og sundag 12. mars var det Tårnagenthelg i Sandnes kyrkje, der unge agentar blei invitert til kyrkja. Her skulle agentane løyse oppdrag og mysterium rundt om i kyrkja.

Det fyrste agentane måtte igjennom, var ei hinderløype. Her måtte dei krype og gå over store hindringar, alle kom seg igjennom hinderløypa. Så var det tid for å få agentskilta då måtte dei fyrst løyse ei rebusgåte. På agentskilta fekk dei sitt eige fingeravtrykk, og dette skapte ein god dialog om at alle har sitt heilt eige fingeravtrykk. Ingen er like, alle er unike! Dei fant også nokre fingeravtrykk i kyrkja, som dei såg nøye på gjennom forstørrelsegglas. Me undra oss lenge over kven sine fingeravtrykk det var, men fant ut av dei var kopiert ut, så det kunne dei ikkje tilhøyra nokon som var der.

Me hadde også ei samling der me snakka saman om kva det ville sei å vera agent, og her kom det mange gode forslag. Agentar må løyse gåter, og dei må sprinte, men dei måtte passe på å ikkje springe forbi viktige spor. Me reflekterte også over kva sansar me har, til dømes luktesans, høyrsel, syn og smakssans. Her fekk me testa ut sansane våre i ulike leiker, blant anna «Kims leik». Her skulle agentane gjette kva for gjenstand som var tatt vekk. Dette gjorde at me var klare for å løyse gåter. Her skulle dei blant anna teikne og byggje si eige kyrkje av koppar, velgje eit gruppenamn med ein person fra Det nye testamentet, reise i tid og skrive ned sine eigne talent og eigenskapar på talentlappar. På kvar stad fant dei ein ting som dei skulle ta med vidare: Bibel, gullpengar, klokke og talentlapp. Desse handla om noko av det me kan dela med kvarandre; tru, ting, tid og talent.

Agentane fekk vite litt meir om klokkene me har i kyrkja, og kva det betyr når dei ringjer – dei kallar oss saman til gudsteneste og dei sender oss ut i verda. Dei som ville fekk også gå opp i kyrkjetårnet, der dei kunne studere kyrkjeklokkene nærmare. Nokon prøvde til og med å ringje med klokkene.

På søndagen var det familiegudsteneste, og då var agentane delaktige med det dei hadde øvd på og førebudd dagen før. Dei var blant anna med på å syngje fleire songar «Vår Gud er så stor», og «Vi kan dele». Me snakka om at alle har talent, og det kan vera så mykje ulikt. Talent kan vera at ein er god i fotball, flink å syngja eller spela eit instrument. Men det kan også vera å trøyste nokon og å lytta. Det å rydda kan til å med vera eit talent, sjølv om det kanskje ikkje er det kjekkaste, så treng me det likevel.

Me vil seie takk til agentane som hjelpte oss å løyse gåter, og som kom med mange gode innspel. Me vil også si takk til foreldra som stilte opp, og takk til frivillige og konfirmantar som hjelpte til på Tårnagenthelga.

Tekst: Tina Meland Corneliusen, trusopplærar
Foto: Torbjørn Sæle





KYRKJELUNSJ OG KYRKJEQUIZ

Etter familiegudstenesta i Sandnes kyrkje 12. mars vart heile kyrkjelyden invitert til å dela eit måltid saman.

Eit rikhaldig påleggsbord og heimelaga rundstykke vart servert saman med kaffi, te, jus og saft. Mange nytta høvet til å få ein matbit på kyrkjelunsjen som også avslutta Tårnagenthelga.

Kyrkjelydssalen vart for liten, så for å få plass til alle vart det òg dekka bord framme i kyrkja.

Under kyrkjelunsjen var det også kyrkjequiz, laga av to av konfirmantane, Troy og Lars Manfred. Der fekk både små og store litt å bryna seg på. Innsatsen var god, og fleire lag enda på like mange poeng.

Takk til alle som bidrog og alle som var med!

Vi skal ikkje sjå vekk ifrå at det vert fleire samlingar med både mat og quiz i kyrkja framover.

Tekst og foto: Torbjørn Sæle



MINNEORD

Gunvor Fyllingsnes døydde 21.februar 2023, nær 74 år gammal. Me hugsar Gunvor som ei aktiv og engasjert dame, og det er vemodig og trist at sjukdom dei siste åra gjorde livet hennar heilt annleis.

Gunvor Fyllingsnes vart tilsett som kyrkjelydssekretær i Masfjorden frå sommaren 1987 i 50% stilling. Sidan vart stillinga utvida og kombinert med andre oppgåver til full stilling med nemninga diakoni og undervisningsleiar.

I alle tre sokna var det i mange år eit regelmessig arbeid med ulike barne- og yngreslag, korverksemd og ten-klubbar. Gunvor var flink å få med seg lokale medhjelparar som slik gjorde det mogleg å halda oppe eit arbeid som direkte kom så mange born og unge til gode. Dåpsopplæringsplanar vart laga, det var dåpsskule for 5-åringar, regelmessige samlingar i barnehagane, medansvar i konfirmantarbeidet og samarbeid med skulane. I 2006 fekk ho Masfjorden kommune sin kulturpris for dette arbeidet.

Frå hausten 1991 hadde ho 20% stilling som dagleg leiar for Frivilligsentralen. Mange av oss hugsar den hyggelege festen i Nordbygda samfunnshus 1.september 2011 der Gunvor fekk ærespris frå sentralt hald for 20 års leiing av sentralen. Annbjørg Ramstad i Kultur- og inkluderingsdepartementet kom eins ærend frå Oslo. Tidlegare vinnrarar av den årlege kommunale prisen vart òg gjort stas på.

Då Gunvor vart tilsett i 1987, hadde ho også 50% stilling som områdearbeidar i Nordhordland Indremisjon. Foldaren «Noko for deg?» vart delt ut i bygdene, og viste program med bibelgrupper, temakveldar og andre møte. Me har mange gode minne frå ulike samlingar rundt om i bygdene og på Fjon Fjellkyrkje. «Bibel og feriedagar» på fjellkyrkja var til stor glede og oppmuntring for deltagarane. Stillinga i Indremisjonen vart gradvis redusert i takt med dei utvida oppgåvene i kyrkja.

Gunvor arbeidde nok mange gonger utover den stillingsprosenten ho hadde. Ho likte å stella til noko ekstra for medarbeidarane sine og dei ulike gruppene rundt om i bygdene. I den gjestfrie heimen på Fyllingsnes inviterte ho til samlingar av ulikt slag, og mange masfjordingar fann vegen dit. Ho treivst saman med alle aldersgrupper. Besøksteneste hjå eldre sette ho stor pris på, og den gleda var gjensidig. Busstur til KRIK-leir i Bø i Telemark var i mange år eit tilbod til konfirmantar og andre unge. Knut Sørheim og Gunvor tok seg godt av reisedeltakarane.

Etter 28 års teneste avslutta Gunvor arbeidet i Masfjorden kommune våren 2015. Fredag 3.mars var Knarvik kyrkje fullsett av familie, naboar, venner og andre som ville minnast Gunvor. Kista vart så jordfesta på kyrkjegården på Hjelmås, før vegen gjekk til minnesamvær i storsalen på Frekhaug folkehøgskule.

Me er takksame for det Gunvor fekk vera for oss masfjordingar, og lyser fred over hennar minne.

Tekst: Elbjørg Mjanger
Foto: Rune Garmann



PÅSKESONG OG ÅRSMØTE

Soknerådet i Masfjorden har vedtatt at ein i løpet av eit år, ynskjer å ha ei temagudsteneste i kvar av dei tre kyrkjene våre i løpet av året. Dette er gudstenester som kan ha ei litt anna form enn dei vanlege gudstenestene og gjerne noko litt ekstra.

Gudstenesta i Solheim kyrkje søndag etter påske, 16.april kl. 11.00, blir ei slik temagudsteneste. Den har fått namnet «Påskesong».

Me tar med oss bodskapen om Jesu oppstode inn i denne gudstenesta, og det gjev oss grunn til å feira. Det er så mange flotte påskesongar og no gler me oss til å få syngja fleire av desse. Me håpar og å få solistinnslag med oss denne formiddagen.

Etter gudstenesta blir det ein god kyrkjekaffi og årsmøte i Masfjorden sokn. Årsmeldinga for 2022 er tilgjengeleg på nettsida www.masfjorden.no. Der er det mykje godt lesestoff frå året som har gått. Om du ønskjer årsmeldinga på papir, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret.

Me ynskjer alle hjarteleg velkommen til denne gudstenesta fylt med song og musikk og til årsmøtet etterpå.

Tekst og foto: Eli Eidsnes




Foto: Kirkerådet

MIN SALME

Heilt frå barndomen av er det ein salme som har fylgt meg gjennom livet. Mor mi, som då fekk seg eit bruktrøorgel, sat i ledige stunder i stova heime og spela salmar frå koralboka. Dette sat eg ofte og høyrd på. Det var særleg salmen «I himmelen, i himmelen» som festa seg best. Dei fyrste åra var det melodien som greip meg. For eit barn var ikkje teksten så lett å forstå.

Kring same tida var det eit kor på Matre, der Agnar Areklett var dirigent. Stundom fekk eg vera med når dei øvde, og ein av salmane dei øvde på var nettopp denne. Eg har mange gode minne frå desse øvingane.

Så møtte eg salmen att i koret på Sandnes der eg var med og song. Då var Rolf Hagen dirigent. Salmen gav meg gode minne frå barndomen, og i vaksen alder vart også teksten framtredande. Kvart vers har ein kort, men klår tekst. Seinare i livet har denne salmen vore den eg gjerne spelar når eg sit med trekkspelet eller ved orgelet i stille kveldstunder. Den gjev meg fred og ro.

Salmen, nr. 883 i Norsk Salmebok (2013) har i dag 8 vers, men det er dei tre fyrste eg helst har sunge.



Rognald Johannes Matre
Foto: privat

1. I himmelen, i himmelen,
hjå Herren, Fader vår,
der vi i evig sæle snart
hans åsyn skoda får.
/: og syngja «Heilag! Heilag!» der :/
nær Herren Sebaot.

2. I himmelen, i himmelen,
ja, der er klåre fin,
så sjølve sola sommarstid
så fagert aldri skin.
/: Der åsyn vi til åsyn står :/
nær Herren Sebaot.

3. Av denne klåre himmelglans
dei frelse skina skal,
ja, som den klåre sola sjølv
høgt over stjernehall
/: og verta englar like der :/
nær Herren Sebaot.

4. Og sjela får sin prydnad fin,
den fagre sigerskrans,
og brudeklednad kvit som snø
og herlegdomens glans
/: med sæle, fryd og evig fred :/
nær Herren Sebaot.

5. Og lekamen som bleiknar bort
og kviler i si grav,
han opp skal stå så strålande
som morgonsol or hav
/: og veit av ingen våde meir :/
nær Herren Sebaot.

6. Og alt som oss vil tyngja her,
vår Herre taka skal,
og turka alle tårer av
i himlens gleedesal.
/: Og døden finst då ikkje meir :/
nær Herren Sebaot.

7. Å Jesus Krist, stryk ut vår synd,
for du er evig god!
Til hjelp oss kom i avferds stund
og styrk vårt veike mod!
/: Gjer at vi kan med frimod stå :/
nær Herren Sebaot.

8. Deg Fader, Son og Ande rik
ver evig lov og pris!
Du lèt oss sjå ein open port
inn til ditt paradis,
/: der evig lovesong fyller alt :/
nær Herren Sebaot.

EIN FIN SONG OG MUSIKK-KVELD



På Askeonsdag var det invitert til song og musikk-kveld i Frøyset kyrkje. Denne gongen vart det ein salmekveld. Med god hjelp frå ei flott forsongargruppe frå koret Spleis, vart det bra allsong med både kjente og meir ukjente salmar. Salmen «Navnet Jesus blekner aldri» har 100-årsjubileum i år, og var ein av songane denne kvelden. Det er mange salmeskattar i den raude salmeboka vår. Det var fint å få syngje dei ein kjenner, men òg kjekt å få læra dei som gjerne er litt meir ukjente. Av allsongane som var sunge denne kvelden, var alt frå «No stig vår song» og «Deg være ære» til «I et skur ved Betlehem» og «Noen må våke».

Solosong fekk me av Anke Helland og dottera Clara Brandt som delte to flotte duettar, og Rune Garmann som song ein folketone. Rune hadde og verbale innslag om salmesong og i saman med Torbjørn Sæle si formidling, blei alt bunde flott saman av dei to. Ein god innsats for å få til denne kvelden kan me òg takka organisten vår, Boris Kuprijanov, for. Han gledde oss med sitt flotte spel på både orgel og piano.

Ein av dei som var der denne kvelden var Jo Ronald Mjanger, og som mange veit er han glad i song og musikk. Så på spørsmål om kva han synest om kvelden seier han at det var ein triveleg og fin kveld, og at det var kjekt at så mange kom i kyrkja denne kvelden. Han skrytta av Rune, Torbjørn og alle songarane som han syntest var svært flinke. Jo Ronald ynskjer fleire song og musikk-kveldar i kyrkja velkommen, og tenker at det kan være fint for folk å møtast på slike arrangement.

Kvelden vart avslutta med ein felles kvelds, og det var godt å få prata med folk rundt borda og dela eit kveldsmåltid saman. Takk til alle som deltok og som gjorde ein innsats for å få til denne songkvelden.

Tekst: Eli Eidsnes
Foto: Torbjørn Sæle




FULLT KOMPANI PÅ FJON



Når tolv konfirmantar takka ja til å samlast på konfirmantleir, steig forventningane. Å få reise til Fjon – fulltalig - gav oss alle sjansar til å få ei nydeleg helg saman. Dette måtte berre bli fint. Og jommen sa vi fint. Vi innlosjerte oss kjapt og gale. Baggar og sekkar, dyner og puter, chips og brus. Kjappe i kropp og kommentarar. Og best av alt fekk alle levere inn sin kjære mobiltelefon. Vi gjorde oss klar til å skjerpe alle sansar. Vere til stades i fellesskapet, påkopla kvarandre og det vi kom hit for denne helga – høyre nye tankar om Gud og om livet med Han. Tolv konfirmantar – seks jenter og seks gutter. I livets vår. Passe knisete og passe morgontrøytte når matbjølla klang klokka 08.30 – klar for ein ny skinande dag.

I livets vår. Passe knisete og passe morgontrøytte når matbjølla klang klokka 08.30 – klar for ein ny skinande dag.



Dei siste åra har mesteparten av undervisninga vore lagt til semester-leir. Ein på kvar side av jul. Då er det god ro til å gå igjennom det som ligg i undervisningsplanen for konfirmantane i Den norske kyrkja. Prest Torbjørn Sæle hadde førebudd gode seksjonar om tru, Bibel, om livet som skiftar frå godt til vondt, og om Guds gode omsorg for alle menneske. I undervisninga tok han utgangspunkt i Kristuskransen. Den er eit enkelt, men djupt hjelpemiddel som kan brukast til å lære seg sjølv å kjenne betre – og Gud. Dei ulike perlene representerer kvar og ein noko for seg sjølv: å vere stille for Gud, kva dåpen betyr og kva som skjer når menneska kjenner livet som ei krevjande ørkenvandring. Kristuskransen gir på sin måte ei slags heil tenking om kven Gud er, kva livet kan vere og kven vi er i den store samanheng. Undervisninga fekk på sin måte bli oppsummert i gudstenesta som vart feira sundagen med nattverd og foreldre og besökande til stades.

Laurdagen fekk konfirmantane nye titlar, det var tid for Kompani Fjon. Oppdelte i lag fekk dei no prøve seg både i fysiske øvingar og hovudet skulle få nötter å knekke. Alt i alt ein suksess, og noko av det kjekkaste på leiren, i fylgje dei sjølve. Her kom solid kampinnsats til syne og til og med vart det eit skrubbsår og to – som seg hør og bør når det er alvor!

Å få dele heile dagar saman, stunder med måltidsfellesskap, leik og småprat – gjorde oss godt kjente med kvarandre. Med som leiarar var også Sindre Kvalheim, Steffen Romarheim og til dels Lars Rognald Midtgård Matre, alle gode ressursar med kloke tankar og vittige kommentarar på lur.

Sundagsettermiddag låg Fjon i lett snödryss. Og vi gjorde oss klare til å feire gudsteneste med ungdommane involverte i høgtidsstunda. Ein etter ein gjekk dei igjennom Kristuskransen og fortalte om korleis Gud er ein del av liva vi lever – i gode og mørke dagar. Ingrid Helene fekk der dele song og pianospel og Boris Kuprijanov gleda dei frammøtte med sitt preg på tangentane.

Oppsummert sundagen sat ein noko trøytt konfirmantgjeng med litt stivare blikk enn då dei kom fredagen. Trøytte og gode var dei. Med litt meir kunnskap om livet med Han som kjenner oss best av alle. Han som skapte oss. Vi kjente oss takksame for leik og latter og for gode læringsstunder desse dagane på Fjon.

Tekst: Ingrid Helene Raunehaug,
leiari for konfirmantarbeidet våren 2023
Foto: Torbjørn Sæle



Foto: Ingrid Helene Raunehaug



EIN PRAT MED INGRID HELENE

Ingrid Helene Raunehaug er vikar i konfirmantarbeidet denne våren. Her kan du bli litt betre kjent med henne.

Kan du fortelje litt om deg sjølv?

Eg er 37 år og bur på Leknes med min mann Stian Andre og våre fem born. Opprinnleig er eg sunnmøring, men mor mi er frå Osterøy, så eg har mine røter her. Og etter studietid blei vi verande i Bergenstraktene. Eg er utdanna med ein master i pedagogisk leiing, men driv for tida med litt alternativt arbeid i tillegg til stillinga mi i Masfjorden. Eg frilansar med musikk og arbeider med abstrakte maleprosjekt for tida. Eg elskar at ting skjer, men har også erfart at det finst ei tid for kvile og at denne er viktig.

Kva som gjorde at du ville jobbe i Masfjorden sokn?

Eg er veldig glad i ungdommar og brenn for at dei skal kjenne seg sett og for at også truslivet kan komme inn som ei naturleg del av oppveksten til barn og unge i dag. Både trua og fellesskapet kan gi mening i den unge sitt liv slik eg ser det.

Kva har du gjort tidlegare?

Tidlegare har eg arbeidd i ungdomsskule og vore engasjert på fleire måtar med barn og unge. Både med musikk og med idretts- og friluftsliv.

Kva ser du fram til i jobben?

No har eg jo allereie hatt gode treff med ungdommane. Håper at den enkelte kan få kjenne seg sett av oss vaksne og tatt på alvor i ei viktig tid. Eg liker at vi både kan snakke om eksistensielle saker og ting, og å legge til rette for leik og moro saman. Latter og glede i rommet er så viktig. Ungdomstida kan vere krevjande med ulike livssituasjonar. Det er nydeleg at ungdommane kan få bruke heile seg – både hovudet og kroppen – også i konfirmanttida. Så likar eg at musikken også kan få sin plass mellom oss, så det er naturleg for meg å trekke denne inn i arbeidet og i treffa vi har. Tonane finn gjerne sin egen veg inn til hjarta våre, når ord ikkje kan det. På den måten fungerer det ofte som eit hjartespråk. I musikken finst ei enorm kraft og heling - som vi treng på livsvegen.

Korleis har det vore å starte her?

Det er alltid spennande å kome til nye stader. Masfjorden er nytt for meg. Eg kjenner meg godt tatt i mot av dei eg har møtt, og det set eg stor pris på.

Kva er dine interesser?

Eg er glad i å vere ute. Er ofte til fjells og får eg ta plankane fatt å renne alpint, er eg spesielt nøgd! Elles likar eg ei roleg stund ved fjorden og scorar passeleg høgt på prosent



ekstrovert, så eg elskar å samle venner heime eller gå ein tur og prate om stort og smått. Vi er også glad i å reise og budde forrige semester i Kenya, Afrika. Livet har sine plikter og arbeid, men eg er nok litt eventyrsøkande og nektar å bruke heile livet mitt på å pare sokkar og tørke støv!

Kva ynskjer du å få gjort i jobben?

Eg håper at eg kan vere med å samle trådane, at ungdommane får bli kjent med kvarandre og bruke seg sjølv. Etter mange erfaringar i mitt eige liv, er trua mi den største skatten eg har. Ein kan aldri tvinge dette på nokon. Men det er verdt å leite etter skattar i livet. Så eg håper å leggje til rette for at ungdommane tør å leite etter svar på sine viktige spørsmål om Gud. Håper å skape gode trygge stunder saman. Her er det også nydeleg å vere i samarbeid med gode Torbjørn. Vi kjenner kvarandre frå tidlegare også. Masfjorden er heldige med ein slik omsorgsfull prest. Når vi er fleire i arbeidet gjeld det å spele på kvarandre sin styrke.

Er det noko du gruer deg til?

Eg håper berre eg ikkje kører av vegen ved Frøyset kyrkje. Eg må le. Men no kjem våren, så sjansen minkar. Sist var det himla glatt, så då er ikkje favoritten å køyre i mørket. Eg skulle til å sei at ein berre må lukke augne og håpe at det går bra, men det bør ein jo ikkje. Men ja, no går det mot lysare tider.

Intervjuet av Tina Meland Corneliusen
Foto: Ingrid Helene Raunehaug.

VÅRRYDDING PÅ GRAVPLASSANE

Kyrkjegardsarbeidar startar våroppryddinga på gravplassane i slutten av april. Me vil difor be alle rydde og hente kransar og vinterpynt ein vil ta vare på frå gravene innan 16.april.

Me minner og om at det er viktig at lys med metall-lokk blir rydda vekk etter bruk. Dette for å forhindra at fuglar får tak i lokka og slepp dei ned på jorder rundt gravplassane. Særskild er dette viktig der gravplassane ligg i jordbruksområde som blir slått, då me vil unngå å få metallrestar inn i føret til dyra.



Treng du hjelp til stell av familiens graver, tilbyr me gravstell-avtale med planting i mai, sommar, haust og kransnedlegging til jul. Dette kan du bestilla hjå kyrkjeverje på tlf. 56 16 62 61.

Når våren kjem er det ein del gravsteinar som gjerne har blitt skeive i løpet av vinteren eller åra som har gått. Dette kan kyrkjegardsarbeidar også hjelpe til med. Bestilling av oppretting gjer du og hjå kyrkjeverja. Til slutt minner me om at plantar på gravene ikkje må bli så store at gravminne blir dekka.

Tekst og foto: Eli Eidsnes, kyrkjeverje.

SOMMARJOBB?

Me treng sommarhjelp til arbeid på gravplassane våre.

Oppgåver vil være plenklipp, kantklipp, ugrasluking og evt. andre vedlikehaldsoppgåver.

Søkjar må ha førarkort klasse B og erfaring med å køyre varebil på smale vegar. Det er ein stor fordel om søker disponerer eigen personbil.



Me ser også etter grupper eller enkelpersonar som ynskjer å gjere arbeid med vask, skraping og maling av gjerder og liknande i vår- og sommarhalvåret. Her krevst det ikkje førarkort, men ein må kunne stille ved aktuelle gravplassar rundt om i kommunen.

Enkel søknad kan sendast Masfjorden sokn på e-post til kyrkjeverja@kyrkjaimasfjorden.no [Søknadsfrist 23.april 2023](#). Har du spørsmål eller ynskjer meir informasjon, kan du kontakte kyrkjeverja på e-post eller tlf. 56 16 62 61.

Tekst og foto: Eli Eidsnes, kyrkjeverje



Vi ønskjer velkommen til

Vårfest

21. april kl. 14:00 i Solheim gren dahus

Av programmet nemner vi
Kåseri ved Geir Sørebø

Musikalsk underhaldning ved Fotefar (Østerbø/Rusten)
<https://www.facebook.com/Fotefar.Kjell.Bjornlvar>

Middag og kaffi/kaker

Inngangspengar er kr. 400 pr. person

Påmelding innan 11. april til ein av desse:

Ivar Haukeland Tlf. 481 15 031

Lovisa Midtbø Tlf. 950 82 322

Berit Dyrkolbotn Tlf. 905 74 518

Venleg helsing
Pensjonistforbundet Indre Masfjorden



ER DET NOKON SOM HAR HISTORIE FRÅ SONGLAGET FJORDKLANG?

Redaksjonen for «Fjon frå fjell til fjord» er i gong med ny utgåve. Songlaget Fjordklang er eit av emna me vil skriva om. Ein del stoff er funne, men me lurer på om nokon har skriftlege kjelder liggjande, t.d. møtebøker.

Om så er, meld frå til Eldbjørg Mjanger, tlf. 908 00 160

UTDRAG FRÅ ÅRSMØTE I NORDBYGDA PENSJONISTLAG - VAL

Det nye styret for 2023-2024 har slik samansetjing:

Leiar:	Ivar Haukeland	2 år.
Styremedlemmar:	Reidun Frøne	2 år.
	Ragna Vabø	1 år.
	Karen Margrethe Sleire	1 år.
	Helge Haukeland	2 år.

Vara til styret:	Harald Birkeland	1 år.
	Lillian Haugsdal	1 år.
	Aase Skjervheim Areklett	1 år.

Val av revisor: Aud Helen V. Daae

Val av valkomite:

1. Sigfrid Hjertås
2. Mary Haukeland
3. Marit Løvik

Val av turnemd:

Leiar Alvhild Ynnesdal
Medlem Aase Skjervheim Areklett
Medlem Rune Garmann

12. Utsending til fylkesårsmøte i Bergen 21. mars: Leiar Ivar Haukeland, vara: Lillian Haugsdal.

Helge Haukeland
Helge Haukeland, skrivar

Rett avskrift: Marit Løvik

Marit Løvik

Klara Nesbø

Klara Nesbø

ÅRSMELDING FOR PENSJONISTFORBUNDET NORDBYGDA 2022.

Styret har dette året hatt ei slik samansetjing:

Leiar:	Ivar Haukeland
Nestleiar:	Marit Løvik
Kasserar:	Ragna Vabø
Styremedlem:	Karen Margrethe Sleire
Skrivar:	Helge Haukeland
Varamedlemmer:	Harald Birkeland, Lillian Haugsdal, Aase Skjervheim Areklett

Styret har i perioden hatt to styremøte og behandla 11 saker, fleire av dei med fleire underpunkt. I tillegg har leiar hatt telefonisk kontakt med styremedlemmene for å avklara enkelte saker fortløpande. Leiar har personleg delt ut innkalling, infoskriv og «Hjartevarme» til medlemmene.

Etter ein del restriksjonar i starten på året på grunn av Koronaen, kom vi etter kvart tilbake til normalen att. Med dei nedstengingane som har vore i samfunnet dei par siste åra, tek det likevel ei stund for å få oppatt aktiviteten i laget. I dette året har ein og opna for at ikkje-medlemmer og kan delta på møta våre.

6 medlemsmøter er gjennomført i årsmøteperioden. Vi starta forsiktig med 12 medlemmer, men etterkvart har det tekje seg opp til 23. Alle møta har hatt ulike tema. I tillegg må ikkje den sosiale delen undervurderast. Det er viktig å ta seg tid til litt mat og kaffi, ein god prat, og litt sang. Nytt av året er at Pensjonistforbundet sentralt har fått laga ei ny sangbok. Denne var kjærkommen for å få litt fornying i sangutvalget. Dei sangbøkene vi har kjøpt inn, har vi kjøpt i lag med Nordbygda Helselag. Pensjonistforbundet gav også 20 eksemplar av denne boka til ein institusjon. Det var leiaren i Pensjonistforbundet Indre Masjorden og Nordbygda enige om at dei måtte gå til Sjukeheimen på Hosteland. Gåva vart der motteken med stor takk.

Av tema på medlemsmøta kan nemnast:

Bibliotekar Linn Benedikt Brakstad tok oss med på ei reise gjennom mange boktitlar.

Rune Garmann orienterte om endringane som er på gang i Frivilligsentralen i Masfjorden.

Kommunefysioterapeut Lene Danielsen orienterte breitt om viktigheten av fysisk aktivitet.

Fotograf Arne Årseth gav oss innblikk i sine 19 bøker og mange flotte bildeseriar.

Vi har også hatt besøk av kulturskulen, og det freistar til gjentaking.

På årsmøte vårt 14. februar (25 frammøtte) fekk vi ikke halda medlemsmøte på grunn av koronareglar. Ordførar Karstein Totland var likevel med oss og orienterte om interessante saker som rører seg i kommunen. I tillegg hadde han det ærefulle oppdraget i lag med Rune Garmann, å dela ut Frivilligprisen for 2021 til leiaren vår, Ivar Haukeland. På dette møtet vedtok og Nordbygda Pensjonistlag å skifta navn til Pensjonistforbundet Nordbygda.

Endeleg var det i år mulig å arrangera vårfesta att. 24. april møtte mange, og frå Nordbygda, til ein festpynta sal på Fjon grennahus. Utanom god mat fekk vi opplesing, gode musikkinnslag og eit flammande innlegg frå Trude Dreveland, med hennar breie livserfaring både frå sjukeheimar og eldreomsorg.

Eldredagen vart i år arrangert 30. september på Nordbygda samfunnshus. Litt mindre oppmøte enn vanleg var der, men dei som var med fekk ei triveleg stund. Gode musikalske innslag. Ordførar i

Solund Gunn Åmdal Mongstad var dagens hovedtaler med ord og tonar. Eit innslag mange sette stor pris på. Eldreprisen i år vart delt mellom to ærverdige herrar. Magne Andvik og Knut Norland vart løfta fram som gode ambassadørar for frivillig arbeid. Aldri nei, alltid hjelpe å få. Kjøring til og frå, og nevenyttige karar. God mat vart også i år servert av Frøyset Gardsmat, og 10. klassingane på Nordbygda skule var flinke servitørar.

18. oktober møttest dei tre leiarane for pensjonistpartia i Masjorden til eit erfearingsmøte. Der vedtok dei blant anna å invitera dei politiske partia i kommunen til eit felles møte. 23. november vart dette møte ein realitet. Tre politiske parti stilte, utanom representantar for dei tre pensjonistlaga. Her fekk ein synleggjort område som er viktige for dei eldre og som dei politiske partia bør ta med seg inn i sine program no til kommunevalet hausten 2023.

23. mai var det tur til Postmuseet på Feste og Lyngheisenter. Aina kjørde, og 17 medlemmar var med. No i vinter har turnemda sett på ein 4 dagars tur til Sørlandet no i mai. Så langt ser det lovande ut.

Årets TV-aksjon 23. oktober gjekk til «Leger uten grenser». Kommunen hadde peika ut pensjonistlaga til å sta for innsamlinga. Fleire av våre medlemmar var med å gjorde ein god innsats her.

Kommunen er og no kommen i gang med ulike tema innafor dataopplæring. Dette er prisverdig og det er å håpe at det kan fortsetja i små bolkar framover.

Turløypa som vi fekk bygd og opna i juni i fjor har vore ein stor suksess. Veldig mange både unge, ikkje fullt så unge, og litt eldre brukar den jamnleg. Pensjonistforbundet Nordbygda i samarbeid med kommunen har fellestur med innlagt trim-kvar mandag kl 11.00. På slutten av året fekk og laget ei god melding om at ein del av den momsen vi hadde betalt på turstien, vart refundert.

30. august hadde Knarvikmila pensjonistseminar. Fleire frå vårt lag deltok. Seminaret hadde som vanleg gode innleiarar med blant andre Jan Davidsen, Trond Viggo Torgersen og Henrik Syse.

Til årsmøtet i Pensjonistforbundet Hordaland deltok leiar og nestleiar. I tillegg var sekretær Helge Haukeland invitert med og var ein av dirigentane under avviklinga av møte. Under valet var han og foreslått som ny nestleiar, og han vart vald. Seinare kom han og med i den gruppa som har utarbeidd forslag til ny handlingsplan for Pensjonistforbundet 2023 – 2027. Denne skal behandles på landsmøte på Lillestrøm 28.05 – 01.06.23.

Haustkonferansen vart i år helden på Edvard Grieg Suitell 5. og 6. september. Her deltok leiar, nestleiar og sekretær. På dette møtet vart blant anna forslag til landsmøte no i vår behandla.

6. oktober var det regionsamling for Pensjonistforbundet sine lag i Nordhordland i Knarvik. Eit tett og lærerikt program for styra, der Nordbygda møtte med 5 personar.

Medlemstalet for laget har helde seg stabilt. Vi er ein fleire enn i fjor slik at vi no er 71 medlemmar. Nokre har falle i frå, men nye er komne til. Laget har som tidligare år sendt blomsterhelsingar til jubilantar som rundar 80 og oppover. Likeins er det markert, slik familiene ynskjer, når nokon har gått bort.

Pensjonistforbundet Nordbygda sin leiar Ivar Haukeland er vår representant i Masfjorden Eldreråd. Der er han og leiar. Helsekontakten vår Lillian Haugsdal, har også i år vår aktivt med. Ho skal ha stor rolle for at ho minnar oss på og også hugsa på «dei vi ikkje ser».

Duesund 08.02.2023

Ivar Haukeland, leiar

Helge Haukeland
Helge Haukeland, skrivar

FOREDRAG OM BOKA “RO”

Måndag 6. februar kom Sigri Sandberg til Masfjorden. Ho har skrive boka «Ro» som handlar om ein rotur langs heile Sognefjorden – frå Eivindvik ytterst og til den veglause Eplegarden – innerst i Sognefjorden.

Masfjorden Folkebibliotek stod for dette arrangementet, som var gratis og der ein også fekk servert kaffi og lefser. Det vart halde i kommunestyresalen og det var gledeleg mange som kom for å høyra.

Sigri fortalte at ho hadde fått låna mora sin oselvar-båt, ho delte turen i fleire etappar og hadde ulikt mannskap med seg. På første etappe var mannen med, seinare var både venninner og mora med og rodde.

Sigri har to barn og veksler mellom å bu i leilighet i Oslo og på den veglause Eplegarden i Sogn. Ho har budd mange ulike stadar, og etter sjukdom i nær familie lengtar ho etter ro og ho lengtar etter kva ho kan kjenna som heime. Ho er oppteken av miljøet, og under roturen fortel ho om Sognefjorden, om då fjorden var riksvegen, om livet under og over vatn.

Det var bølgjer og vind, men også vindstille, nydelege dagar. Dei overnatta nokre gongar hjå kjenningar langs fjorden og andre gongar låg dei i telt. Ho er glad for allemannsretten – men også oppteken av allemannsplikta- at ein ikkje legg seg til på framande stadar utan å spørja først og at det er sjølv sagt at ein ryddar skikkeleg etter seg.

Sigri fortalte levande og lett frå roturen og då ho var ferdig fekk publikum høve til å stilla spørsmål – noko mange nytta seg av. Det var også ein del som sikra seg eit signert eksemplar av boka hennar. Boka er også tilgjengeleg hjå Masfjorden Folkebibliotek.

Før foredraget var eg så heldig å få intervjuer Sigri: **Var du innom Masfjorden då du budde i Eivindvik?**

Eg spelte fotball, og då spelte me kamper også i Masfjorden. Då me var gamle nok til å spele på damelaget, var Gulen og Masfjorden eitt lag. Eg var også med mor mi, Signe, som var prest i Gulen, på ei gudsteneste her på Masfjordnes. Ho var av og til vikarprest i Masfjorden.



Kva er grunnen til at du valgte å ro heile Sognefjorden på langs?

Eg har budd mange år i Eivindvik, og no har eg busett meg på ein gard som heiter Eplegarden, i Luster innerst i Sognefjorden. Eg synest det var ein kjekk tanke å ro heile denne distansen.


Har du lyst å busette deg på Eplegarden permanent?

Eg har veldig lyst til å busette meg der permanent.

Det er vel også planen min, men eg kan ikkje gjera det heilt enno. Sidan eg og far til barna mine er skilde, er barna hjå meg annakvar veke. Då bur eg i Oslo saman med dei.

Korleis fann de Eplegarden?

Ei venninne av meg la ut ei annonse på Facebook om ei hytte til salgs i området der Eplegarden ligg. Då me var der for å sjå på hytta, fekk me vite at Eplegarden også var for sal. Me spurde om å få kjøpe garden, og det fekk me.



Skal de drive sommerkaféen «Nesten heime» som var med i programmet «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu?»

Me diskuterer med dei som eig lokalet om drift av kaféen i sommar, så me veit ikkje heilt enno. Me synest i alle fall det er veldig kjekt å drive sommerkaféen.

Likar du deg godt i Oslo?

Eg likar meg veldig godt i Oslo! Det er fint å vera der saman med ungane. Bror min, Sveinung, bur

like ved, berre to minuttar unna med familien sin. Det er kjekt å ha familie på den sida av fjellet, óg!

Eksisterer husa i «To hus tett i tett» enno?

Ja, dei står der enno. Yngste bror min bur i det eine med sine to barn, og foreldra mine bur i det andre.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

SANDNESKAFÉEN 2728

I sist nummer av Masfjordingen vart kafétilboda i Masfjorden presentert. Vidareføring av Sandneskaféen var då eit uavklara spørsmål. Per Einar Langhelle og Åsmund Kvinge har no i samarbeid med Sandnes Vel teke over lokala og etablert Sandneskaféen 2728. Dei vil saman prøva å gje eit visst tilbod på kaféen framover, først og fremst gjennom ulike arrangement som konserter, pubkveldar, quiz mm slik at bygda og kommunen framleis skal ha denne samlingsplassen.

På Facebooksida for Sandneskaféen 2728 finn du info om aktiviteten på kaféen.



ELEVOPPTAK I KULTURSKULEN FOR SKULEÅRET 2023-24

Søknadsfrist for inn- og utmelding er 12. april.

Informasjon om kurstilbod, inn- og utmelding, elevbetaling mm finn du på kommunen si heimeside, her:

<https://www.masfjorden.kommune.no/innhald/oppvekst-og-undervisning/masfjorden-kulturskule-masfjorden-idrettsskule/masfjorden-kulturskule/>

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål knytt til søkerprosessen.

56 16 62 00 / 97061230

Velkommen i kulturskulen!

BLI MED!
SONG, MUSIKK,
TEATER, BILETKUNST,
SAMSPÆL

Påmeldingsfrist for skuleåret 2022-23 er 12.april

Les om kurstilboda, innmelding og utmelding her: [www.masfjorden.kommune.no](https://www.masfjorden.kommune.no/innhald/oppvekst-og-undervisning/masfjorden-kulturskule-masfjorden-idrettsskule/masfjorden-kulturskule/)

KOMMUNALE TILSKOT PÅ KULTUROMRÅDET

Søknadsfristar for å søkja om tilskot på kulturområdet samt framlegg til kulturpriskandidat er 12. april 2023.

Kulturmidlar

Kulturmidlar er driftstilskot tildelt lag og organisasjonar. Elektronisk søknadsskjema for kulturmidlar på heimesida under «Skjema og digital post». Alle søkerar må senda inn årsmelding og rekneskap som vedlegg til søknaden.



Særskilde kulturtiltak

20% av summen som er sett av til kulturmidlar er øyremerk særskilde kulturtiltak. Arrangør av slike kulturtiltak kan gjennom året søkja tilskot frå desse midlane.

Gje ein kort presentasjon av tiltaket inkludert budsjett. Ein nyttar same elektroniske skjema som til kulturmidlar, men hakar av for at søknaden gjeld særskilde kulturtiltak på s.2.



Kulturtiltaksmidlar

Dette er midlar som skal stimulera lokalt næringsliv, lagsliv og andre aktørar til å stå som kulturarrangør, slik at ein i kommunen kan tilby varierte og gode kulturopplevingar.

Det er sett av kr 100 000 over Kraftfondbudsjettet til slike tiltak for 2023.

Elektronisk søknadsskjema på heimesida under «Skjema og digital post». Ein nyttar same digitale skjema som til kulturmidlar, men hakar av for kulturtiltaksmidlar på s.2.



Vaksenopplæringsmidlar

Elektronisk søknadsskjema på heimesida under «Skjema og digital post». Ein søker vår og haust med fristar 12.04 og 01.10.

Kulturvernmidlar

Kommunen gjev tilskot til restaurering/istandsetjing av eldre bygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne som ligg innan for Masfjorden kommune sine grenser. Eigrarar av slike kulturminne kan søkja tilskot frå desse midlane. Det er sett av kr 70 000 til slike tiltak for 2023.

Elektronisk søknadsskjema på heimesida under «Skjema og digital post».



Kandidat til kulturprisen

Har du framlegg til nokon som du meiner fortener kulturprisen? Målet med prisen er å gje ei utmerking til eit lag, ein organisasjon eller ein privatperson som har gjort ein stor innsats innan kunst- og kulturlivet i kommunen. Prisen skal stimulera til auka engasjement for frivillig arbeid.

Send forslag innan 12. april til
Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes
post@masfjorden.kommune.no

NOKRE ORD FRÅ NYTILSETT REKTOR PÅ MATRE SKULE

Eg har no runda mi fjerde veke som rektor ved Matre skule og har allereie fått tatt del i ganske mykje av skulekvardagen til elevane, både med det som skjer på skulen og på andre arenaer i nærmiljøet.

Eg har blitt tatt svært godt i mot, både av elevar, tilsette og dei som er knytt til dei ulike einingane i kommunen. Eg starta i jobben med å «skygge» avtroppende rektor, Liv Øydis og hadde ei lærerik og kjekk veke med henne.

Eit av satsingsområda til skulen er De-komp, som er eit samarbeid med høgskulen på Vestlandet, der me skal drive kompetanseutvikling i skulen. Målet er at både me som grunnskule og dei som høgskule skal kunne dra nytte av kvarandre sin kompetanse og på den måten gjere kvarandre gode. Eit av fokusområda i dette arbeidet er å bruke nærmiljøet som ein arena for å arbeide med trivsel og meistring hos elevane, der me skal ha fokus på folkehelse og livsmeistring. Dette er eit av kompetansemåla me skal arbeide med i skulen. Me skal hjelpe elevane til å gje dei kompetanse som fremjar psykisk og fysisk helse, som igjen skal gje elevane våre høve til å ta ansvarlege livsval. Desse åra når me får låna desse flotte born og unge er svært viktige år i deira utvikling av eit positivt sjølvbilete og trygg identitet.



Det at Matre skule har tatt nærområdet inn som ein arena og satsingsområdet for å fremje livsmeistring og trivsel hjå elevane, tykkjer eg er eit framifrå god ide. I mi fyrste veke som rektor der eg skulle stå på eigne bein, fekk me ein invitasjon frå Liv Øydis til skidag i Stordalen. Ho er som kjent svært involvert og aktiv i drifta av skianlegget og fjellstova der. Så då var det berre å hiva seg rundt, mange av elevane var røynde og har stått mykje på ski, nokon hadde prøvd seg litt tidlegare, medan andre var heilt ferske. Skidagen i Stordalen vart ei godt døme på korleis me kan bruke nærområdet får å fremje helse, trivsel og meistring hos elevane. Dei eldste hjelpte dei som var yngre når bakken vart litt i brattaste laget, ekspertane rettleia og oppmuntra dei som var meir usikre og fekk fleire av dei med seg opp i dei største bakkane. På det viset fekk dei som var røynde på ski vise sin kunnskap og dei som trøng litt hjelp fekk ta i mot rettleiing. Fleire av elevane viste stor progresjon i løpet av dagen. Snakk om meistring på høgt nivå!

Eg har og vore så heldig at eg har fått hatt nokre vikartimar i ulike klassar, eg har fått vore litt med dei minste på SFO og på filmframstilling med ungdomsskulen på Brekke skule som ein del av DKS (Den kulturelle skulesekken).



Foto: Tone Hatlem

Eg har fått helsa på nokre av foreldra då dei vitja skulen på Forut-aksjonen dei minste hadde. Det er eit prosjekt i samarbeid med barnehagen og er eit pedagogisk opplegg der barn lærer om barn i andre land. Nepal er landet dei har hatt om i årets Forut-aksjon.

Neste veke er det volleyball-turnering på Brekke skule, og utøvarane vil sjølvsagt ha med seg heiagjeng som skal vere med å løfte dei fram. Eg gler meg til fortsettinga og til å verte godt kjent med elevar, føresette og tilsette, og ikkje minst få lov å bidra og følgje utviklinga av Matre skule som eg har fått så godt inntrykk av.

Med helsing
Tone Hatlem, nytilsett rektor ved Matre skule

SOLIDARITETSAKJONEN TIL INNTEKT FOR BARN I UKRAINA

Nordbygda barnehage har i perioden etter jul jobba med Solidaritetsaksjon til inntekt for barn i Ukraina og førebuingar til Ope hus på Barnehagens Dag 14.mars. Der var søsken, foreldre og besteforeldre inviterte til program av barna, og kafè der vi selde kaker og hotdog.

I denne perioden har det vore snakka med barna om situasjonen i Ukraina, og samla inn klede, leikar, hygieneartiklar m.m. som skal sendast til Ukraina. Barna har laga ulike ting som vart selde til foreldre og besteforeldre, dei har seld loddbøker (270 stk!), smakt på ukrainsk mat, teikna flagget, og lært fellessong som dei song på Ope hus. Dei eldste barna dramatiserte eventyret om Skinnvotten, som er eit ukrainsk eventyr. Veret 14.mars var heilt perfekt til eventyret om Skinnvotten, berre sjå på bileta!



Foreldra har bidrege med kaker, kjøp av lodd og ting barna har laga, og dei stilte mannsterke opp den 14.mars, noko som gjorde arrangementet til ein suksess.

Tusen takk til alle sponsorane som kom med gevinstar på loddbøkene og til lynlotteriet.

Takk til Masfjorden kommune ved ordførar Karstein Totland som gav kr 5000 for bilete barna på Blåklokka måla. Takk til alle foreldre, besteforeldre og andre for deira bidrag.

Gjennom solidaritetsaksjonen har barna lært om kva vi kan gjere for å hjelpe barn som treng hjelp, og om Ukraina sin kultur gjennom mellom anna song, Ukraina sin nasjonalblomst solsikke, eventyr og matkultur.

No er ikkje finteljinga heilt ferdig pr dags dato, men til saman har vi fått inn om lag kr 45.000 som vert sendt til Flyktninghjelsen øyremerka Ukraina. Vi er kjempenøgd med resultatet og veldig glade for at dette vil hjelpe mange barn i Ukraina til å få ein betre kvar dag

Tekst : Inger Marie Duesund

Foto: Hildegunn Ulvatn, Tove Mette Fagerheim



FORTELJARKUNST OG MUSIKKFORMIDLING I SÆRKLASSE

Det var direkte god stemning på sjukeheimen då forteljaren Jens Brekke og musikaren Jon Faulstad gjesta sjukeheimen med framsyninga «Lat øyra få høyra».

Jens Brekke er frå Vik i Sogn og er pensjonert lærar. Jon Faulstad er frå Heidal, ein sidedal frå Gudbrandsdalen, ikkje så langt frå Otta, og har heile sitt yrkesliv vore lærar og seinare professor ved Norges musikkhøgskule.

Framsyninga var bygd opp kring Per Sivle sine livlege Vossastubbar der me vert kjend med hovudpersonen Kolbein Hauso og hans elleville opplevingar i kvar dagen; om den intense kampen med vepsebolet, om den spesielle hesten Vetle-Raurn, og om møtet med sladrekjerringa Marta, for å nemna noko. Dei frodige stubbane vart på meisterleg vis framført av Jens, med herleg stemmebruk, innleiving, godt skodespel og førsteklasses diksjon. Alt utanåtsjølvsgått. Jon krydra forteljingane med små musikalske kommentarar undervegs. Mellom stubbane varta han opp med nydeleg akkordeonspel. Det var stor breidd i repertoaret, i frå virtuose variasjonssoloar, klassiske perler og folkeviser, til Grieg og dansemusikk som fekk godfoten til å lea på seg hjå publikum. Når vakre Bergrosa vart framført var det tydeleg å sjå at dette var tonar som rørte publikum.



Ja, publikum kosa seg verkeleg. Smilet var på plass, det var humring og låtten sat laust. Ein kunne sjå at det vart nikka anerkjennande til den som sat ved sida, og applausen var raus.

Dette vart ei stjernestund, med store S.

Arrangementet var i regi av «Den kulturelle spaserstokken» i Masfjorden.

Tekst og foto: Frank Kvinge

UNGDOMSRÅDET PÅ TUR TIL OSLO OG BESØK PÅ STORTINGET

Ungdomsrådet i Masfjorden består av seks faste medlemmer. Fredag 10. mars hadde Ungdomsrådet avtale på Stortinget i Oslo. Vertskap var Benjamin Jacobsen frå Askøy (Ap) som er vararepresentant for Eigil Knutsen i Finanskomitéen. Benjamin fortalte om sin start som medlem i Ungdomsråd, før han sjølv vart medlem i eit politisk parti. Han viste oss rundt i Stortingsalen og i Vandrarhallen. Medlemmene fekk også sitja rundt bordet til Finanskomitéen.

Han fortalte også om korleis møta i Stortinget vert avhaldne, og mellom anna korleis det vert stemt over saker for eller imot. Rådet fekk også innføring i historia til Stortinget og om parlamentarismen, for å nemne noko.

Etterpå vart det kjøpt lunsj til alle i Stortingsrestauranten, noko som var svært populært. Det er få politikarar på Stortinget på fredagar, slik at ein ikkje fekk innfridd alle sine ønskje om å møta kjende fjes.


Etter lærerike timer på Stortinget var det besøk på 22. juli-senteret, noko som gjorde djupt inntrykk på alle.

Osloturen vart avslutta med middag på Egon Karl Johan, før turen tilbake med fly til Bergen. Det hadde vore ein lang, men lærerik dag i Tigerstaden, og alle var svært nøgde med turen.

Med frå kommunen var Torill Torsvik Størkersen og Rita Ludvigsen som har ansvaret for Ungdomsrådet i Masfjorden.



Tekst og foto: Rita Ludvigsen



TRENING FOR ALLE

Dette er eit tilbod for deg som ønskjer å komme i meir fysisk aktivitet. Tilboden gjeld alle uansett alder og kva utgangspunkt ein har. Dette er eit lågterskelttilbod innan fysisk aktivitet som helseavdelinga står bak. Masfjorden kommune ønskjer med dette å legge til rette for førebyggjande folkehelsearbeid. Tilboden er gratis og det er inga påmelding. Treninga består av tur og lett styrketrening, og varer ca. ein time.

Nordbygda: Kvar måndag kl. 11.00 v/idrettsbana.
Kvingo: Kvar tysdag kl. 14.15 v/butikken.

Me håpar å sjå deg!

Har du spørsmål kan du kontakte:

Lene Reigstad Danielsen (fysioterapeut) – 474 66 356
Monica Rongved (spesialsjukepleiar) – 408 01 647
Maria Halland (sjukepleiar) – 453 27 191

Helselaga arrangerar også faste turar:

Treninga består av tur og lett styrke- og balansetrening.
Det er eit lågterskelttilbod utan påmelding.

Nordbygda: Kvar torsdag kl. 11.00
v/parkeringsplassen på skulen.
Haugsvær: Kvar tysdag kl. 10.30 v/butikken.



Tekst: Maria Halland

Foto: Lene Reigstad Danielsen

NYE ANBEFALINGER OM KORONA-VAKSINASJON, APRIL 2023

Ny oppfriskingsdose (5.dose) til aldersgruppa 75 år og eldre, og sjukeheimsbebuarar

- Regjeringa har beslutta å følge Folkehelseinstituttet sine råd og anbefalingar og ny oppfriskingsdose til aldersgruppa 75 år og eldre, og sjukeheimsbebuarar.
- Ei ny dose er særlig aktuell for dei som ikkje tidlegare har gjennomgått SARS-CoV-2-infeksjon, og for dei som har underliggende risikofaktorar.

Personar med alvorleg svekka immunforsvar

- Gitt dagens kunnskap er det Folkehelseinstituttet si vurdering at det ikkje er behov for ei generell anbefaling om ny dose i april til personar med alvorlig svekka immunforsvar. Behovet for vidare vaksinasjon er i imidlertid avhengig av ulike individuelle faktorar, og behandlande lege med god innsikt i pasientens livssituasjon og helsetilstand kan gjere individuelle vurderingar.

Praktisk informasjon:

- Det bør ha gått meir enn 6 månadar sidan forrige dose
- Det blir lagt opp til vaksineringsdagar i april

For oppfriskingsdose må du sjølv ta kontakt med Masfjorden legekontor for å avtale tidspunkt. Masfjorden legekontor: Tlf. [56 16 63 00](tel:56166300)

SJOKK-TREKK FOR KRAFTKOMMUNAR

Trekk i rammetilskot som følgje av konsesjonskrafta 2023.

Forholdet starta med pressemelding 28.9.22 frå regjeringa;

«Forslaget innebærer et ettårig trekk i rammetilskuddet på til sammen 3 milliarder kroner fra kommuner og fylkeskommuner i områder med høyest strømpriser, altså Østlandet, Sørlandet og Vestlandet». Saka vart orientert om i kommunestyremøte same dag, 28.9.22 (sjå møteprotokoll). Trekk og føringer jf. skriv komm.dept. 14.10.22., men ingen konkretisering av trekket.

I dialog med kommunal- og distriktsdepartementet okt.- des. vart det antyda eit trekk på 20 – 21 mill.kr., etter at kommunen sitt konsesjonskraftvolum for 2023 vart ned justert til 39,4 Gwh.

Kommunen sitt budsjett for 2023 vart vedteke den 15.12.22, med basis i eit rammetilskot på 88,8 mill.kr.

Om kvelden den 22.12.22 fekk vi beskjed om eit trekk i neste års rammetilskot på 47,5 mill.kr., noko som er 27,5 mill. kr. meir enn kva vi hadde forventa og fått signal om frå kommunal- og distriktsdepartementet.

Slik blir trekket i rammetilskot i kraftkommunane

Pressemelding 22.12.2022 frå Kommunal- og distriktsdepartementet:

Stortinget har vedteke at kommunar og fylkeskommunar med inntekter frå konsesjonskraft i område med svært høge straumprisar (prisområde NO1, NO2 og NO5) skal få eit eittårig trekk i rammetilskotet på til saman 3 milliardar kroner i 2023. No er fordelinga av trekket fastsett.

I pressemeldinga står det m.a. at «Regjeringa har vore oppteken av at trekket skal stå i eit rimeleg forhold til dei faktiske inntektene». Men sjå her!! :

4629	Modalen	-
4634	Masfjorden	47 475 mill.



Når regjeringa kjem med ei slik melding med ein langt høgare sum utan forklaring seint den 22.12.22, framstår dette som useriøst. Vi må då ha ein gjennomsnittleg spotpris i 2023 på kr. 3,80 for at regjeringa skal kunne halde sine løvnader om trekk på 1/3 av inntekta utover 70 øre. Regjeringa må då tru at vi skal tene nesten 150 mill.kr. på 39,4 Gwh. Då må gjennomsnittsprisen bli det doble av det den ser ut til å bli i 2022. Det har ein ingen tru på.

Kraftprisen fall med over 40% i løpet av desember 2022. Dette vert utfordrande å handtere i 2023. Regjeringa legg til grunn at kommunane kan pårekne ein spot/kraftpris på 2 kr. i 2023. Trekket på 47,5 mill. kr. utgjer kr. 1.205 for Masfjorden sin del (og som går att for mange av kommunane som vert trekt).

Kommunen har kostnader med uttak av kraft, med OED-pris på ca. 12 øre til sjølvkost på om lag 25 øre, som med innmatingsavgift og andre kostnader med eit volum på 39,4 GWh utgjer om lag 5 mill.kr. Dette medfører at vi må ha ein pris på kr. 1,35 for å komme i balanse i 2023. Veldig stort gap mellom regjeringa sine forventningar (og ikkje følgt opp grunnlaget for trekk av 28.9.22) vs kommunen sine anslag. Forholdet vert følt opp i neste års årsmelding.

Tekst: Svein Helge Hofslundsengen, rådmann

TRAFIKKSIKRINGSPLAN FOR MASFJORDEN KOMMUNE 2021-2032 - STATUS OM TILTAK

Masfjorden kommune har vedteke kommunedelplan for trafikksikring i kommunen. Denne har vore på høyring og det kom inn mange forslag til tiltak. Planen vart vedteken i kommunestyret i 2022.

Tiltaka som er vedtekne varierer frå oppmerking av parkeringsplassar ved offentlege bygg, som har ein relativ låg kostnad, til større tiltak som vegutbetring, snuplassar, rekkverk og lys, som har ein langt høgare kostnad. Tiltaka er sortert i kortsiktige tiltak og langsiktige tiltak og krev både finansiering og administrative vedtak før dei kan setjast i verk. Tiltaka omfattar både kommunale vegar/trafikkareal, fylkesvegar og europaveg.

Nokre av tiltaka går på nedsett fartsgrenser og andre fartsdempande reguleringar. I løpet av året vil det t.d. på den kommunale vegen til Arekletten bli forlenga fartsgrense med 40 km/t og etablert fartsdemparar ved Giljane bustadfelt. På fylkesvegen ved Mjanger og Furubotn vil det og bli nedsette fartsgrenser. Vestland fylkeskommune har òg innstilt at det vert særskild fartsgrense 40km/t ved Nordbygda skule. Denne er enno ikkje vorte ferdig handsama av Statens Vegvesen, som sit med mynden til å gjera vedtak. Vidare vert det jobba med prosjekt busskantstopp på Matre.

Nokre av tiltaka er alt utførte. På Indre Hope er det kome opp støypekant lags vegen og på Kvingo er kome veglys, begge er delar av planen. På Kvingo har og Sanitetsforeninga vore ein sterk pådrivar og medspelar.

Om du ynskjer å sjå heile planen kan du finna den på kommunen sine heimesider ved å gå inn på

[Hjem/Politikk, sjølvhjelp og innsyn](#)
og vel «Søk på arkivsak» Saka har saksnummer 20/597.

Tekst og foto: Sveinung Toft, ass.rådmann



BORGARLEG VIGSLE

15.12.2022 Sara Rebollido Sueio og Sigbjørn Kjetland





Foto: Eli Eidsnes

KONTAKTINFORMASJON TIL KOMMUNEN



Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

www.masfjorden.kommune.no

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no

eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no
tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Formgjeving: Mary Hope

FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending

10 dagar etter fristane:

6. juni - 14. sept. - 14. nov.

Notér dato i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

God påske



KONTAKTINFORMASJON

TIL KYRKJA



Tlf. 56 16 62 61
e-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjeverje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
epost kyrkjeverja@kyrkjaimasfjorden.no

Sokneprest: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

Trusopplærar:
Tina Meland Corneliusen
Tlf.: 56 16 62 62/936 85 071
e-post:
tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Konfirmantarbeidar:
Ingrid Helene Raunehaug
Tlf.: 416 10 191
e-post:
ingrid.helene.raunehaug@kyrkjaimasfjorden.no

Organist:
Boris Kuprijanov
Tlf. 920 60 993
e-post: kuprbor@gmail.com

Kyrkjegardsarbeidar:
Remi Kallekleiv Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no
Vipps Masfjorden sokn: 620513